



Takstolane settes på plass.

# Økologisk bygging og ”brubygging”

Agronomane på Sogn Jord- og Hagebruksskule avsluttar skulegangen med intensivkurs i økologisk bygging, i å samarbeide, og i å utvikle samkjensle med brør og søstres i andre land.

**Sjur Hermann Rørlien og Hannah Wood** | Sogn Jord- og Hagebruksskule

150 km aust for St.Petersburg, ute på den fattige russiske landsbygda, ligg ein

liten landsby ved namn Ryschkowo. Det russiske samfunnet er prega av sterk sentralisering der kapitalen vert tilført dei store byane, medan landsbygda er overlata meir eller mindre til seg sjølv.

I denne landsbyen går eit russisk lærarektepar mot straumen, og prøver å etablere ein leirskule for å kunne gje russisk ungdom opplæring i økologi, landbruk og handverk. Dei starta med å kjøpe ein nedlagt bygdeskule av staten. Rett etter brann skulen ned, og ekteparet stod på bar bakke. På den tida kom den ideelle norske stiftinga BRO (Bygge

Reise Oppleve) inn i bildet, og innleia eit samarbeid med ekteparet. I nokre år hadde dei jobba i nabolaget med økologisk og berekraftig husbygging. I 2001 starta arbeidet med å bygge opp eit skulesenter i Ryschkowo.

Våren 2006 vart lærar Sjur Hermann Rørlien på Sogn Jord- og Hagebruksskule invitert med til Ryschkovo for å vurdere framtidig samarbeid mellom SJH og BRO. Sidan då har vi kvar vår reist dit på byggjetur med avgangselevane saman med BRO. Til no er det reist fire bygningar. Alle er bygd med arbeidskraft

frå deltakarar på byggeturane, saman med lokale russarar. Finansieringa av bygga skjer ved at deltakarane på turane betaler ei kursavgift, desse pengane vert brukt til materialar. I tillegg vert prosjektet støtta av norsk UD.

### Bu og bygge i lag

Målet med turen vår er å utvikle langvarig samarbeid, og gjensidige læring mellom ungdomar i Norge og Russland. Fokuset er på å fremja bærekraftige byggemetodar, og bruk av fornybar energi. Dette dannar modell for eit mangesidig samarbeid som omfattar støttearbeid, eit unikt undervisningstilbod, miljøsamarbeid, kunnskapsoverføring og kulturell utveksling.

Opphaldet gjev ungdommar djup innsikt i korleis det er å leve der det er knapp ressurstilgang, og samstundes holde oppe eit anstendig liv. Dei lærer å kjenne ein annan kultur og livet på den russiske landsbygda, gjennom å leve og arbeide saman med russisk ungdom. Det gjer også at ein ser sin eigen kultur og sitt eige samfunn, i ein større samanheng. Det blir gjennomgått teoretisk og praktisk opplæring i økologisk husbygging. Vi bidrar samtidig til å skape varige verdiar, og betring lokalt i samfunnet me besøker.

På siste byggetur til Ryschkowo i mai 2009, deltok elevane saman med russisk ungdom i arbeidet med å bygge ein kombinert verkstad- og klasseromsbygning til skuleprosjektet Dom Ryschkowo. Arbeidet omfatta alt

frå grunnarbeid med fundamentering, til å lage og reise tømmeramma, lage takstolar og veggjar i slepplatt og leirpuss. Arbeidet vart supplert med økter i verktøykunnskap, materiallære og teoretiske økter om økologiske materialar og byggeteknikkar.

Elevane bur, lagar mat, jobbar og har fritida si i landsbyen Ryschkowo saman med russarane og familien som bur der. Trass språklege utfordringar, opplever vi kvar gong god kommunikasjon i arbeid og fritid. Etter kvart får ein eit realistisk inntrykk av korleis livet deira er, og kva utfordringar dei har i kvardagen. Det blir tydeleg kor stor skilnad det er på deira livssituasjon samanlikna med vår eigen. Refleksjonar frå elevane

"I to uker har jeg vært inne i en helt annen verden. Alt var fokusert på å bygge et verkstedhus. I tillegg måtte vi tilpasse oss det russiske livet. Det betyr at vi ikke hadde innedo, måtte hente vann i bøtter og avsto fra en del vestlig fasiliteter. Vi spiste suppe hver dag, men alt var i orden så lenge vi hadde materialer til å bygge. Det var spennende å se hvordan alt ordnet seg, at så mange personer kunne jobbe samtidig, og at alt gikk opp til slutt. Vi har satt opp et hus! Jeg har lært så mye om bygning, håndtering av materialer og utstyr, og ikke minst om økologiske bygningsmaterialer og måten å bygge. Det var en kjempeopplevelse, og jeg er inspirert til å bruke det jeg har lært hjemme"

"Byggturen til Russland var en

### Fakta BRO

BRO er ein uavhengig ideell stiftelse som vil utvikle miljøsamarbeid mellom Norge og Russland/Øst-Europa. Berekraftig husbygging er satsingsområdet deira. Du kan lesa meir om dei og byggeturane som er gjennomført på <http://www.naturligbyggeri.no/bro>.

flott opplevelse både sosialt, faglig og kulturelt. På et slikt fortetta opphold med medelever man mer eller mindre kjenner fra før, lærer man hverandre virkelig å kjenne når man arbeider sammen fra morgen til kveld, spiser sammen og ikke minst ved det sosiale fellesskapet rundt bålet på ettermiddagen og kvelden. Å reise et byggverk fra grunnen av med god hjelp fra kyndige, var utrolig gøy og lærerikt. Fantastisk at vi sammen fikk gjort så mye ut av veldig lite på kort tid. Kulturelt var det en stor overgang å leve sammen med lokalbefolkningen og mer eller mindre under deres fattige kår i to uker. Fraværet av ens egen overflod av mat og "dingser" setter nettopp betydningen av det i perspektiv. Reisen til Russland ble for meg både en tidsreise og en nesten meditativ handling i dagsrytmens syklus. Man slutter aldri å lære om andre og seg selv i et slikt praktisk, sosial og kulturell møtested som BRO-turen til Russland gir muligheten til."



Kveldskos rundt bålet. Halmhuset i bakgrunnen er bygget av elevane som var med i 2008.

[hannah.wood@sfj.no](mailto:hannah.wood@sfj.no)  
[sjur.hermann.rorlien@sfj.no](mailto:sjur.hermann.rorlien@sfj.no)



**SJH**  
sogn jord- og hagebruksskule

Sogn Jord- og Hagebruksskule  
5745 Aurland  
Tlf: 57 63 26 50  
Fax: 57 63 26 50  
[sjh@sfj.no](mailto:sjh@sfj.no)  
[www.sjh.vgs.no](http://www.sjh.vgs.no)